

---

**Fra:** Frode Langeland  
**Sendt:** 16. mars 2017 13:02  
**Til:** Berit M Eskeland  
**Emne:** Søknad om trafikksikkerhetsmidler  
**Vedlegg:** 20170214120348.pdf

Søknad om trafikksikkerhetsmidler for gjennomføring av fysiske tiltak på den kommunale vegen, i Orrhøyen boligfelt.

**Innspill: Opprustning av eksisterande fartsdump, og reasfaltering (deler) av veg.**

I innkjøringa til Orrhøyen boligfelt er det anlagt 2 fartsdumper, (Sjå vedlegg). Den eine ligg like etter innkjørselen til feltet,  
den andre er anlagt på vegen mot Mjukebakkane, parallelt med min bolig (2A).

Fartsdumpen (ved 2A) blei anlagt for mange år sidan og var ein del av trafikksikringa for syklande og gåande i feltet, og for å redusere farten generelt. I forbindelse med utbygginga av boligfeltet har det gjennom åra vore

mykje tungtrafikk på denne vegen(er det også i dag), dette har resultert i at fartsdumpen er heilt nedkøyrd og har soleis ingen funksjon, dermed er trafikktryggleiken i området vesentlig redusert.  
Re-establering av fartsdumpen vil auka trafikktryggleiken til det nivået den var tiltenkt å ha når feltet blei regulert og utbygd, Det bør også foretas ei vurdering om det bør opprettast fleire.

Vil og nevne at i ein uformell synfaring, der Egil Gripsgård var tilstades (1år sidan) vart konkludert med at det var eit klart behov for reasfaltering av fartsdumpen.

Det var og snakk om å setja opp ein støttemur mot grensa til den kommunale vegen, ettersom den har sige ut.

Dei fleste av bilistane som kører mot Mjukebakkane held hastighet langt over fartsgrensa, som er (30km/t), dette gjeld generelt i heile feltet. Ei etablering av fleire fartsdumpar vil bidra til å auka trafikktryggleiken i området

Det kan og nemnast at den høge farten genererer mykje steinsprut av grus og småstein som ligg på vegen, både mot husveggen og på våres kjøretøy.

Kan dokumentere at det frå 2012 fram til i dag, har resultert i at eg har måtte skifte 4 frontruter på våres kjøretøy.

For å få eit riktig bilde av det eg beskriv, hadde det vore fint med ei befaring frå kommunen på staden.

Med vennleg helsing

Frode Langeland  
40246560.